

Skogselskapet Bergen og Hordaland

Tilslutta Det norske Skogselskap



Det kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep.

0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
2003 103044	157
Mottatt: 17 MAR 2004	
Saksbeh.: ASB/JVR/lAA	Ark.: 482
Kont:	Avskr.:

Fitjar, 13.03.04

Høyring - Utkast til ny skogbrukslov – Uttale/merknader frå Skogselskapet Bergen Hordaland (SBH).

Til § 3. Skogbruksstyresmakt.

Kommunane har i framlegg til ny lov fått stort ansvar og utvida oppgåver som skogbruksstyresmakt. Det er difor heilt avgjerande for at lova skal fungera etter målsettinga, at kommunane har kompetanse og kapasitet til å handsama skogbrukssaker. Primært er det kommunane sitt ansvar å organisere seg slik at dei løyser oppgåvene sine. Overordna styresmakter har likevel moglegheit til å påverka kommunane gjennom rammevilkåra, i dette tilfellet krav om skogbruksfagleg kompetanse løyvingar til landbruksforvaltninga.

No er krav til skogbruksfagleg kompetanse i kommunane teke bort.

I kriteria for tildeling av rammeløyving som gjeld landbruksforvaltning i kommunane, er det svært lite som kan førast attende til arbeid med skogbrukssaker. Stortinget uttala i samband med handsaming av Skogmeldinga:

"Den nye skogbruksloven må også viderføre en skogadministrasjon på kommune – og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt".

Etter SBH si meining fangar ikkje kriteria for tildeling av midlar til kommunane opp arbeidet med skogbrukssaker og ressursane til handheving av skogbrukslova kjem svært dårleg fram.

SBH kan ikkje sjå at det som er føreslege, er i samsvar med Stortinget sitt ønskje og ber Departementet føra til og synleggjera nok midlar til kommunane til å sikra god forvaltning av skogbrukslova.

Til § 5. Skogregistrering og skogbruksplan

Siste setninga i føresegna peikar på at det i nokre høve kan vera heimel til å påby skogbruksplan sjølv om eigaren ikkje ønskjer det. På bakgrunn av at det kjem til eigarar som har eit heller *fjernt* forhold til eigedommen og det å eiga skog, bør departementet vurdere krav om skogbruksplan og drift etter planen, ved erverv av skog. Dette er særleg aktuelt der nye eigarar tek over eigedomar med mykje kulturskog som nærmar seg hogstmogning og store verdiar kan haustast om kort tid.

For å samordna avverking i område med mykje hogstmogen skog der det er fleire eigarar, vil ein felles avverkingsplan for fleire eigedomar vera mest tenleg. SBH meiner også at det kan vera aktuelt å påby drift etter plan i samband med vanskjøtta skog, men der risiko for skogskader ikkje er akutt.

Til § 6. Forynging og stell av skog

Føresegna i 3. leden er i innhald ei negativ føresegn om skogreising. I kommentaren er det gjort godt greie for kvifor gjeldande skogbrukslov har positiv føresegn om skogreising og at dette ikkje er aktuelt no.

Slik stoda er no og ikkje minst på våre kantar, er det attgroing av tidlegare beite som pregar landskapet. Skogen tek att, utan å bry seg om eventuell lovgjeving, areal som i fleire hundre år har vore brukt til matproduksjon.

Attgroing er eit negativt omgrep, og alle er samde om at det er viktig å gjera noko med attgroinga. SBH trur at areal som er stelt gjev betre inntrykk enn ustelte areal og at ein stor del av attgroingsareala kan gje grunnlag for verdiproduksjon av trevirke, gjerne kombinert med husdyrbeite.

SBH vil oppmoda departementet om å visa ei meir offensiv haldning til dei nye skogareala. Dette kan først og fremst gjerast ved å innføra lovheimel for planlegging på slike areal og for gjennomføring av tiltak, som kan bøta på negativt inntrykk av attgroinga og for verdiproduksjon på areala, tilsvarande det vi har for snauareal i § 17, 3. leden i gjeldande lov.

Når det gjeld argument for å halde på ei streng foryngingsplikt, slik det er lagt opp til i lovforslaget, vil me også peika på at ung og veksterleg skog har stor evne til å binde og lagre CO₂.

Lova, med foryngingsplikta inneheld *pisken*. Verknaden ville venteleg verta vesentleg større om ein i tillegg opna for bruk av gulrot i form av statstilskott.

Til §§ 14 og 15. Innbetaling til skogfond og bruk av skogfondet

Etter hogst i naturskog av fure og lauv, er kubikkmassen og verdien av virket så låg at sjølv med trekk på 40% til skogfondet, vil ikkje fondsavsetjinga vera tilstrekkeleg til å sikra tilplanting av arealet.

I slike høve burde det opnast for at inntil 100% av tømmerverdien kan setjast av og nyttast til skogkultur og vegar.

SBH føreslår også at skogeigar sine pengar som ikkje kjem frå sal av skogsvyrke, kan nyttast til å få opp ny skog, med dei same skattefordelane som for ordinære skogfondsmidlar. Dette vil kanskje ikkje få så stort omfang, men vere ein viktig stimulans for idealistar og andre som ser skogreisinga som ei ennolevande merkesak.

I andre leden er det lista opp dei viktigaste tiltaka skogfondet kan brukast til. SBH meiner *skogsvegar* bør nemnast i denne opplistinga, dette er det viktigaste tiltaket skogavgiftsmidlar blir nytta til no, og vil venteleg bli det i lang tid enno.

Vensam helsing

Ove Gjerde
Styreleiar SBH

Kopi: DNS